

# KORONAKRISA FØRTE TIL STOR AUKE I TAPTE ÅRSVERK I 2020

Av Jorunn Furuberg og Ola Thune

## Samandrag

I 2020 gjekk i underkant 789 000 årsverk tapt i produksjon av varer og tenester som følgje av helseutfordringar og arbeidsløyse. Langt dei fleste tapte årsverka er relatert til helseutfordringar, i overkant av 602 000 av årsverka gjekk tapt grunna dette, medan det gjekk tapt i underkant av 187 000 årsverk på grunn av arbeidsløyse. Til saman utgjorde dei tapte årsverka 21,9 prosent av folkemengda i alderen 16-67 år. Det utgjorde ein auke på 3,1 prosentpoeng, eller 115 000 årsverk, frå 2019. Auken skuldast den høge arbeidsløysa som følgde smitteverntiltaka som vart innført då koronakrisa ramma Noreg våren 2020. Tapte årsverk på grunn av arbeidsløyse meir enn dobla seg frå året før, auken var sterkast blant delvis arbeidslause. Veksten i helserelaterte tapte årsverk var langt meir beskjeden. 17 800 fleire helseårsverk gjekk tapt i 2020 samanlikna med 2019, ein auke på tre prosent.

Blant norskfødde auka tapte årsverk på grunn av arbeidsløyse med 126 prosent frå 2019 til 2020, medan den tilsvarande auken blant innvandrarar var på 83 prosent. Sjølv om den relative auken var sterkast blant norskfødde, er nivået klart høgare blant innvandrarar, både blant kvinner og menn, og i alle aldersgrupper. Rekna i prosent av folkemengda svarte tapte årsverk på grunn av arbeidsløyse i 2020 til 3,9 prosent av folkemengda blant personar født i Noreg, og 9,4 prosent av folkemengda blant innvandrarar.

Personar født i Noreg taper klart fleire helserelaterte årsverk enn innvandrarar. I 2020 utgjorde tapte helseårsverk 17,2 prosent av folkemengda født i Noreg og 14,6 prosent av folkemengda blant innvandrarar. Blant norskfødde er det ein langt høgare andel tapte helseårsverk blant personar under 50 år, medan det relativt sett er fleire tapte helseårsverk blant eldre innvandrarar.

Nesten 1,83 millionar ulike personar bidrog til dei tapte årsverka i 2020. Det vil seia at det i gjennomsnitt stod 2,3 personar bak kvart tapte årsverk. Det er altså ikkje slik at det er dei same personane som er utafor arbeidslivet heile tida. Det er stor gjennomstrøyming i mange av ordningane som er med i estimatet, spesielt blant dei delvis ledige.

## Innleiing

Å delta i arbeidslivet er viktig både for den einskilde og for samfunnet. Det er arbeidet som skapar verdiar som vi kan bruka til å finansiera felles gode, samstundes som arbeid gir inntekt og sjølvstende til den einskilde. Mange er utanfor ordinært arbeid heilt eller delvis, anten på grunn av sjukdom, dårleg helse eller på grunn av arbeidsløyse. Andre er utanfor arbeidslivet på grunn av utdanning, på grunn av omsorgsarbeid eller fordi dei av andre grunnar ikkje søker arbeid. Vårt utgangspunkt er å estimera kor mange årsverk som går tapt i produksjonen av varer og tenester i Noreg på grunn av helsemessige utfordringar og arbeidsløyse blant personar i alderen 16-67 år. Vi ser på kor mange personar som i løpet av året er registrert hos NAV som utanfor det ordinære arbeidslivet av slike årsaker, og kor lenge kvar person er borte. I utrekninga er det også teke omsyn til at ein del personar er delvis utanfor arbeidslivet. Vi ser på kor mange som er mottakarar av uføretrygd, er registrert med nedsett arbeidsevne eller har sjukefråvær, og kor mange som er heilt eller delvis arbeidslause og arbeidssøkjarar i tiltak. For ei meir inngåande utgreiing av metode og definisjonar viser vi til faktaboks.

NAV har i ei årrekke publisert estimat på tapte årsverk, siste gong for 2018 (Furuberg og Thune 2019). I denne artikkelen publiserer vi nye tal for tapte årsverk for 2019 og 2020, og legg vekt på å sjå korleis koronakrisa påverka utviklinga i tapte årsverk for ulike grupper i folkemengda. Vi ser på utviklinga i tapte årsverk totalt og tapte årsverk på grunn av helserelaterte utfordringar og arbeidsløyse kvar for seg. Vi vil også sjå på korleis storleiken på, og samansetjinga av, dei tapte årsverka har utviklinga seg frå 2005 til 2020.

## Bakgrunn

Det finst ikkje ein fasit for korleis ein skal måla det ein kan kalla utanforskap. Kor stort utanforskapet er vil avhengja av korleis ein definerer det å vera utanfor. SSB publiserer kvart år statistikk over folkemengda si tilknytning til arbeid, utdanning og velferdsordningar (SSB 2021). Statistikken er basert på status ein gitt dag i året, og viser kor mange som er i arbeid, er arbeidslause, i utdanning, trygdemottakarar eller alderspensjonistar.

Det er eit særskilt fokus på utanforskap hos unge, kor mange unge som er utafør arbeid, utdanning eller arbeidsretta tiltak, det ein internasjonalt kallar NEET. SSB publiserer årleg tal på dette (Pettersen 2021) og OECD lagar tal over NEET for samanlikningar mellom ulike land (OECD 2022).

NAV publiserer også eit mål på utanforskap der ein ser på kor mange i arbeidsfør alder som på eit gitt tidspunkt verken er i arbeid eller i utdanning (Arbeids- og velferdsdirektoratet 2021). I artikkelen her er estimert på tapte årsverk eit forsøk på å sjå kor mange årsverk som i løpet av eit år, heller enn på eit gitt tidspunkt, går tapt på grunn av arbeidsløyse og helseutfordringar. Dei ulike måla kan utfylla kvarandre i forsøket på å beskriva utanforskapet i Noreg.

Koronapandemien slo inn over oss i mars 2020 og førte først og fremst til ein auke i arbeidsløysa og mottak av dagpengar, medan andre ordningar vart mindre råka. Dei fleste kom raskt tilbake til arbeid, og i denne gruppa var norskfødde overrepresentert (Gjerde med fleire 2021). I artikkelen her vil vi sjå korleis arbeidsløysa slo ut i talet på tapte årsverk for ulike grupper.

Korleis koronapandemien påverka helserelaterte tapte årsverk er meir usikkert. Sjukefråværet auka som følge av korona, men i langt meir beskjeden grad enn arbeidsløysa (Dahl med fleire 2021). Som følge av smittevernstiltaka blei det i 2020 innført ei rekke endringar i regelverket for mottak av ulike stønader frå folketrygda.<sup>1</sup> Mellom anna blei regelverket for mottak av dagpengar endra slik at kompensasjonsgraden auka og kravet til tidlegare arbeidsinntekt blei senka. Også maksimal periode for mottak av arbeidsavklaringspengar vart forlenga. Dette kan også ha ført til endringar i dei helserelaterte årsverka. Vi vil sjå på korleis pandemien påverka utviklinga i tapte helseårsverk for alle og for ulike grupper.

Prosentdelen av folkemengda i alderen 18 – 66 år som er mottakarar av helserelaterte ytingar var stabil i perioden frå 2003 til 2010, for deretter å gå ned fram til 2017. Nedgangen har kome i dei eldste aldersgrup-

.....  
<sup>1</sup> Sjå t.d Dahl med fleire 2021 for eit oversyn over endringane.

pene, medan det har vore ein auke blant unge under 30 år. (Dahl 2021). I same periode har det vore ein nedgang i talet på unge som mottar ikkje-helserelaterte ytingar, som til dømes dagpengar og økonomisk sosialhjelp (Kalstø og Kann 2018). Arbeidsløysa, og der-

med også tapte årsverk knytt til arbeidsløyse, svingar med konjunkturane på kort sikt. På lengre sikt vil også strukturelle endringar i økonomien og demografiske endringar påverka kor mange og kven som blir ledige (Vidal-Gil 2017). I perioden 2002 fram til koronakrisa

## Data og metode

Tala i denne artikkelen baserer seg på individdata over alle personar i alderen 16-67 år, som i løpet av åra 2005 og 2009 – 2020 hadde ein eller fleire av følgjande stønader/arbeidsmarknadsstatusar:

- uføretrygd (før 2015 uførepensjon)
- nedsett arbeidsevne, med og utan arbeidsavklaringspengar<sup>1</sup>
- legemeldt sjukefråvær
- registrert heilt arbeidslaus (med og utan dagpengar)
- registrert delvis arbeidslaus (med og utan dagpengar)
- registrert arbeidssøklar på tiltak

For uføretrygd<sup>2</sup> er det nytta individdata for behaldninga ved utgangen av kvart kvartal. For sjukefråvær er det nytta data over alle sjukefråvær i kvart kvartal. For personar med nedsett arbeidsevne, heilt arbeidslause, delvis arbeidslause og arbeidssøklarar på tiltak er det nytta individdata for behaldninga ved utgangen av kvar månad.

Ved å kopla saman datamaterialet på individnivå er det justert for at fleire av personane får meir enn ein stønad på eit og same tidspunkt. Det er til dømes ikkje uvanleg at ein person får arbeidsavklaringspengar (til dømes 50 prosent) og uføretrygd (til dømes 50 prosent) samstundes. Ved å kopla individopplysningar om arbeidsavklaringspengar med uføregisteret, vil denne personen berre telja som eit tappt årsverk. Ein person kan vera registrert i fleire register samstundes. Til dømes kan ein heilt arbeidslaus vera sjukmeldt, og ein person som er 100 prosent ufør kan samstundes vera i eit tiltak for personar med nedsett arbeidsevne. I tilfelle der summen av alle registreringane overstig eit årsverk per person, har vi prioritert kva for ordning årsverket skal telja med i slik:

Uføretrygd er prioritert over nedsett arbeidsevne, deretter følgjer sjukefråvær, heilt arbeidslaus, delvis arbeidslaus og til slutt arbeidssøklar på tiltak.

Det er heller ikkje uvanleg for ein stønadsmottakar å ha ein gradert stønad, og mange arbeider noko ved sidan av ein gradert stønad. Når vi estimerer dei tapte årsverka, tek vi utgangspunkt i kor stor del av ei full trygdeyting dei einskilde har, det vil seia at vi reduserer for den delen dei som har graderte ytingar ikkje tek i mot trygd. For personar som arbeider ved sida av 100 prosent trygdeyting, har vi ikkje redusert for arbeid. For mottakarar av uføretrygd esti-

merer vi tapte årsverk ut frå gradering og kor mange dagar ein har hatt uføretrygd. Mottakarar av dagpengar og arbeidsavklaringspengar sender kvar 14. dag inn eit meldkort til NAV der dei opplyser om kor mykje dei eventuelt har arbeidd i løpet av dei siste to vekene. Opplysningane frå meldekorta er brukte til å estimera kor stor prosentdel av eit årsverk delvis arbeidslause og mottakarar av arbeidsavklaringspengar står for. Delvis arbeidslause utan dagpengar fører ikkje opp arbeidet på meldekortet. For denne gruppa er det lagt til grunn at dei arbeidar like mykje som dei delvis arbeidslause med dagpengar. Heilt arbeidslause taper eit dagsverk for kvar dag dei er registrert ledig uavhengig av om dei mottar dagpengar. Det er vidare lagt til grunn at personar som er registrert med nedsett arbeidsevne utan å vera mottakar av arbeidsavklaringspengar i utgangspunktet taper eit dagsverk kvar dag dei er registrert. Det er også lagt til grunn at alle som er registrert som deltakarar på tiltak, er i tiltak på heiltid.

Tapte årsverk til sjukefråvær er estimert med bakgrunn i individdata frå sjukefråværsstatistikken. Denne statistikken inneheld legemeldt sjukefråvær for alle arbeidstakarar busett i Noreg med arbeidsforhold registrert i A-ordninga.

Talet på tapte årsverk kjem fram ved å summera saman på individnivå kor lenge og kor mykje (gradering) i løpet av året kvar person anten var heilt eller delvis mottakarar av ein eller fleire av stønadene nemnd innleiingsvis, eller som heilt eller delvis hadde sjukefråvær eller var i ein av dei nemnde arbeidssøklarstatusane.

Talet på tapte årsverk gir dermed uttrykk for talet på årsverk som går tapt i produksjonen av varer og tenester, som følgje av arbeidsløyse eller helseutfordringar blant personar i alderen 16– 67 år.


Vi har gruppert dei tapte årsverka i to: tapte årsverk knytt til helse og tapte årsverk knytt til arbeidsløyse. Vi har gruppert alle tapte årsverk innan uføretrygd, nedsett arbeidsevne og sjukefråvær som helsereelaterte tapte årsverk. Tapte årsverk for heilt og delvis arbeidslause, samt arbeidssøklarar i tiltak er gruppert som tapte årsverk knytt til arbeidsløyse.

Tapte årsverk i prosent av folkemengda i alderen 16-67 år er brukt for å sjå på utviklinga i tapte årsverk innan ulike grupper kontrollert for demografiske endringar.

<sup>1</sup> I perioden til og med februar 2010: Tidsavgrensa uførestønad, rehabiliteringspengar og yrkesvalhemma/nedsett arbeidsevne med og utan attføringspengar.

<sup>2</sup> For perioden t.o.m. februar 2010 også tidsavgrensa uførestønad og rehabiliteringspengar

**Figur 1.** Tapte årsverk på grunn av arbeidsløyse og tapte årsverk relatert til helse, for personar i alderen 16 – 67 år. Årsverk i løpet av kalenderåret. Talet på tapte årsverk etter kategori (venstre akse) og sum tapte årsverk i prosent av folkemengda (høgre akse)



Kjelde: NAV

var Noreg gjennom tre nedgangskonjunkturar, samstundes har det skjedd store demografiske endringar. Høg innvandring, mellom anna arbeidsinnvandring i etterkant av EU-utvidinga i 2004, har ført til ein aukande andel innvandrarar i folkemengda. Frå 2005 til 2021 har talet på innvandrarar i folkemengda auka med nesten ein halv million personar, og innvandrarar utgjorde 14,8 prosent av folkemengda per januar 2021 (Steinkelner og Guldbrandsen 2021). Ei anna viktig endring er pensjonsreforma frå 2011, som førte til at fleire, særleg menn, kombinerer arbeid og alders- eller tidlegpensjon frå 62 år (Bjørnstad 2019).

Vi har tidlegare vist at det i perioden 2005 – 2018 var ein nedgang i tapte årsverk rekna i prosent av folkemengda<sup>2</sup>, både blant norskfødde og blant innvandrarar (Furuberg og Thune 2019). Norskfødde tapte fleire helserelaterte årsverk enn innvandrarar, som på si side tapte fleire årsverk til arbeidsløyse. Vi vil sjå om denne utviklinga held fram eller om det har skjedd endringar.

<sup>2</sup> Med «i prosent av folkemengda» meiner vi i prosent av folkemengda i alderen 16-67 år, dersom ikkje noko anna framgår av teksten.

## Stor auke i tapte årsverk i 2020

Fram til og med 2019 har summen av tapte årsverk i prosent av folkemengda vist små variasjonar, med ein liten nedgang frå toppåret i 2005 på 20,0 prosent til det lågaste nivået med 18,8 prosent av folkemengda i 2014 og i 2019 (figur 1).

Det vi kan kalla helserelevante årsverka, summen av tapte årsverk blant uføretrygda, personar med nedsett arbeidsevne og sjukmelde, utgjer klart dei fleste tapte årsverka. Fram til og med 2019 utgjer helserelevante årsverk mellom 500.000 og 600.000 kvart år, medan tapte årsverk på grunn av arbeidsløyse varierer mellom i underkant av 90 000 til om lag 118 000. Det vil seia at over 8 av 10 tapte årsverk i desse åra er helse-relaterte.

I 2020 gjekk til saman i underkant av 789 000 årsverk tapt, ein auke på om lag 115 000 årsverk frå 2019 då 674 000 årsverk gjekk tapt, dette svarer til ein auke på 17,1 prosent. Rekna i prosent av folkemengda auka dei tapte årsverk frå 18,8 til 21,9. Den store auken skuldast følgene av koronapandemien og smittevernstiltaka som vart innført. I løpet av mars 2020 auka arbeidsløysa dramatisk og talet på arbeids-søkjarar som registrerte seg hos NAV har aldri vore høgare. Dette viser seg i tala på tapte årsverk på grunn av arbeidsløyse som meir enn dobla seg, med ein auke på i underkant av 98 000 årsverk, eller 110 prosent. Auken i tapte årsverk var sterkast i gruppa delvis arbeidslause med 23 600 fleire årsverk, ein auke på 172 prosent. Dette skuldast at mange vart delvis permitterte våren 2020, som følge av korona-tiltaka. Også blant dei heilt arbeidslause var det ein sterk vekst, med 77 000 fleire tapte årsverk enn i 2019, ein auke på 124 prosent. Det var ein nedgang i tapte årsverk blant arbeidssøkjarar på tiltak med 2 900, eller 22 prosent. Nedgangen i tapte årsverk blant arbeidssøkjarar i tiltak skuldast at smitteverns-tiltaka gjorde det vanskelegare både å finna tiltaks-plassar og delta i tiltak.

I dei helserelevante tapte årsverka var det også ein vekst frå 2019 til 2020, men langt meir beskjeden. Til saman auka helserelevante årsverk med 17 800, ein auke på tre prosent. Om lag 9 600 fleire årsverk gjekk tapt på grunn av uføretrygd i 2020 samanlikna med

året før, ein auke på tre prosent. Dette er litt lågare enn auken frå 2018 til 2019, og må sjåast i samanheng med at færre hadde overgang frå arbeidsavklarings-pengar til uføretrygd i 2020 samanlikna med året før. Tapte årsverk i gruppa med nedsett arbeidsevne auka også med i underkant av 2 600, eller 1,7 prosent. Mange med nedsett arbeidsevne som var mottakarar av arbeidsavklaringspengar fekk forlenga stønads-perioden som følgje av koronapandemien. Vel 5 600 fleire årsverk gjekk tapt grunna sjukefråvær i 2020, ein auke på 5,2 prosent samanlikna med året før. Auken i sjukefråværet i 2020 var først og fremst rela-tert til koronasituasjonen. Truleg førte bruk av heime-kontor og det at mange var permitterte (og dermed rekna som i eit aktivt arbeidsforhold i sjukefråværs-statistikken) til eit lågare sjukefråvær enn ein elles kunne venta (Dahl mfl. 2021).

## Mange personar bidrar til dei tapte årsverka

Mange personar, til saman i underkant av 1 827 700, hadde kortare eller lengre fråvær frå ordinært arbeid i 2020 og bidrog til dei 789 000 tapte årsverka (tabell 1). Dette viser at det er stor utskifting av personar i dei ulike ordningane. Det er ikkje slik at det er dei same personane som er utan ordinært arbeid heile året på full tid. I gjennomsnitt for alle ordningane deler 2,3 personar på eit tapt årsverk, men det er store forskjellar mellom dei ulike ordningane. Ufø-etrygd er den ordninga der det står færrest personar bak kvart tapte årsverk. Dei fleste personar som får innvilga uføetrygd har denne stønaden til dei blir alderspensjonistar. Bak kvart tapte årsverk til ufø-etrygd står det 1,1 person. Flest personar bak kvart tapte årsverk finn vi blant dei delvis arbeidslause. Her står det 9,4 personar bak kvart tapte årsverk. Dette skuldast at delvis ledige er delvis i arbeid, og at mange var delvis ledige ein kortare periode frå mars 2020 som følgje av koronatiltaka.

## Flest tapte årsverk blant kvinner

I 2020 gjekk til saman i underkant av 427 000 årsverk tapt blant kvinner, ein auke på 51 400 årsverk frå året før. Blant menn var auken i talet på tapte årsverk større, i overkant av 362 000 årsverk gjekk tapt blant

**Tabell 1.** Talet på personar som er med i grunnlagstala for tapte årsverk i 2020


	Talet på personar bak dei tapte årsverka	Tapte årsverk	Talet på personar per tapte årsverk
Uføretrygd	379 630	333 401	1,1
Nedsett arbeidsevne	245 298	156 047	1,6
Sjukefråvær	906 262	112 741	8,0
<b>Sum helse</b>	<b>1 398 999</b>	<b>602 190</b>	<b>2,3</b>
Heilt arbeidslause	528 000	138 994	3,8
Delvis arbeidslause	350 521	37 321	9,4
Arbeidssøkjjarar på tiltak	34 374	10 442	3,3
<b>Sum arbeidsløyse</b>	<b>619 000</b>	<b>186 757</b>	<b>3,3</b>
<b>I alt</b>	<b>1 827 664</b>	<b>788 947</b>	<b>2,3</b>

Kjelde: NAV

menn i 2020, ein auke på 64 000 årsverk. I 2020 svarer tapte årsverk blant kvinner til 24,2 prosent av folkekemengda, blant menn er det tilsvarande talet 19,6 prosent. Koronakrisa førte til fleire tapte årsverk blant begge kjønn og i alle aldersgrupper i 2020,


men auken var større blant menn enn blant kvinner, og størst i dei yngste aldersklassane (figur 2a). Sjølv om auken er størst blant menn, tapte kvinner, både i 2019 og i 2020, fleire årsverk enn menn i alle aldersgrupper over 25 år.

**Figur 2a.** Tapte årsverk i prosent av folkekemengda etter kjønn og alder, 2019 og 2020



Kjelde : NAV

**Figur 2b.** Tapte helseårsverk i prosent av folkemengda etter kjønn og alder, 2019 og 2020




Kjelde: NAV

**Kvinner taper helserelaterte årsverk, menn taper årsverk på grunn av arbeidsløyse**

Vi har sett at dei fleste årsverka som går tapt er helse-relaterte. Koronapandemien førte til ein auke i tapte årsverk relatert til helse både blant kvinner og menn,

men auken er reativt beskjeden. I 2020 gjekk 343 000 helserelaterte årsverk tapt blant kvinner, ein auke på om lag 9 000 årsverk frå 2019. Blant menn gjekk 259 200 helserelaterte årsverk tapt, ein auke på 8 700 årsverk frå året før. Dei tapte helserelaterte årsverka

**Figur 2c.** Tapte årsverk på grunn arbeidsløyse, i prosent av folkemengda etter kjønn og alder, 2019 og 2020



Kjelde: NAV

i 2020 svarer til 19,5 prosent av folkemengda blant kvinner og 14,0 prosent av folkemengda blant menn. Kvinner taper langt fleire helserelaterte årsverk enn menn, uansett år. Endringane frå 2019 til 2020 er små, også når vi ser på utviklinga etter alder og kjønn. I dei yngste aldersklassane er tapte helseårsverk om lag like mange blant kvinner og menn, men blant dei over 24 år er det kvinner som taper flest helserelaterte årsverk. Det var ein liten auken i dei fleste aldersgrupper, sterkast for dei under 40 år og svakast for dei over 60 år (figur 2b).

Auken i tapte helserelaterte årsverk er langt meir beskjeden enn auken i tapte årsverk som skuldast arbeidsløyse. Koronaepidemien og smitteverntiltaka førte til den største auken i arbeidsløysa i Noreg nokon gong, og med dette også ein kraftig auke i tapte årsverk. I 2019 førte arbeidsløyse til at det gjekk 41 500 årsverk tapt blant kvinner, i 2020 auka dette talet til 83 800 årsverk. Blant menn auka tapte årsverk på grunn av arbeidsløyse frå 47 700 til 102 900. Tapte årsverk auka blandt begge kjønn i alle aldersgrupper (figur 2c). Prosentvis var auken størst blant menn med 116 prosent, medan det var ein auke på 102 prosent blant kvinner.

At auken er noko større blant menn enn blant kvinner skuldast at fleire menn arbeider i privat sektor som blei hardast ramma av smitteverntiltak (Gjerde med fleire 2020). Sjølv om mange kvinner også arbeider innan yrke som vart hardt ramma av nedstenging i 2020, som reiseliv og transport og ulike serviceyrker i privat sektor, så er det relativt sett fleire kvinner enn menn i offentleg sektor. Store kvinnedominerte yrkesgrupper i offentleg sektor som helse- pleie og omsorg og undervisning blei ikkje ramma av nedstenginga. Blant menn var auken i tapte årsverk sterkast for dei mellom 35 og 62 år, det vil seia i den alderen der det er vanlegast å ha ei fast og stabil tilknytning til arbeidslivet. Auken blant kvinner var størst blant dei yngste og blant dei eldste, under 27 år og over 46 år. Samla taper menn fleire årsverk på grunn av arbeidsløyse enn kvinner. I 2019 utgjorde tapte årsverk på grunn av arbeidsløyse 2,4 prosent av folkemengda blant kvinner, og 2,6 prosent av folkemengda blant menn. I 2020 var desse tala auka til 4,8 prosent blant kvinner og 5,6 prosent blant menn.

### Fødeland og innvandrarsdefinisjon.

Vi har brukt opplysningar om fødeland til å definera innvandringsstatus. Vi definerer her alle som er født i utlandet som innvandrars. Denne definisjonen inkluderer nokon fleire personar enn det vi vanlegvis reknar som innvandrars. I estimata over utviklinga i tapte årsverk etter fødeland har vi brukt data frå folkeregisteret for å finna fødeland for alle personar som inngår i dei tapte årsverka. Når vi reknar tapte årsverk i prosent av folkemengda for eit gitt år bruker vi middelfolkemengda i alderen 16-67 år for dette året. For den totale middelfolkemengda har vi brukt data over folketalet frå SSB. For å finna middelfolkemengda fordelt på fødeland har vi brukt data over folkemengda frå TPS (NAV sin kopi av folkeregisteret).


### Størst auke i tapte årsverk blant innvandrars

Frå 2019 til 2020 auka tapte årsverk både for personar født i Noreg og personar født i utlandet, men auken var klart sterkast blant utanlandsfødde (figur 3). Blant personar fødd i Noreg gjekk i overkant av 603 000 årsverk tapt i 2020, ein auke på 71 000 årsverk, eller 13 prosent, samanlikna med året før. Tilsvarende tal for personar fødd i utlandet er 180 000 tapte årsverk, ein auke på 41 000 årsverk (30 prosent). Rekna i prosent av folkemengda auka tapte årsverk for personar født i Noreg frå 18,6 prosent til 21,1 prosent, medan den tilsvarende auken blant innvandrars var frå 19,0 prosent til 24,0 prosent.

I perioden 2009 til 2019 har tapte årsverk rekna i prosent av folkemengda vore om lag like høgt for begge grupper uavhengig av fødeland. Forskjellen har vore at tapte årsverk blant innvandrarsane i langt større grad har vore knytt til arbeidsløyse, medan norskfødde har tapt flest helserelaterte årsverk. Ein annan forskjell før koronakrisa, er at norskfødde hadde høgast andel tapte årsverk blant dei yngste, medan innvandrars hadde høgast andel tapte årsverk blant dei eldste (Furuberg og Thune 2019). Koronakrisa har ført til ein større auke i tapte årsverk blant innvandrars enn blant norskfødde, og tapte årsverk i 2020 utgjer ein større andel av folkemengda blant innvandrars enn blant norskfødde.




**Figur 3.** Talet på tapte årsverk etter fødeland (venstre akse) og tapte årsverk i prosent av folkemengda etter fødeland (høgre akse). 2005, 2009, 2014, 2017 - 2020




Kjelde: NAV

**Figur 4a.** Tapte årsverk i prosent av folkemengda etter alder og fødeland. 2019 og 2020



Kjelde: NAV

**Figur 4b. Tapte helseårsverk i prosent av folkemengda etter alder og fødeland. 2019 og 2020**



Kjelde: NAV


Frå 2019 til 2020 har andelen tapte årsverk auka i alle aldersgrupper uansett fødeland (figur 4a.). For norskfødde var auken størst blant dei yngste, medan det blant innvandrarakar også var ein sterk auke blant godt vaksne. I 2019 var det færre tapte årsverk blant innvandrarakar enn blant norskfødde for personar under 40 år, i 2020 er det fleire tapte årsverk blant innvandrarakar i dei fleste aldersgrupper, sjølv om forskjellen er liten blant dei yngste. Innvandrarakane skil seg frå majoritetsfolkemengda når det gjeld alderssamansetjing. Blant innvandrarakane er det langt fleire unge vaksne og langt færre barn og eldre enn blant norskfødde. Mellom anna er andelen av innvandrarakane som er 60 år og eldre i 2021 11 prosent mot 24 prosent i folkemengda totalt (Dzamarija m.fl 2022). Andelen tapte årsverk aukar med alderen uansett fødeland. Få eldre blant innvandrarakane gjer at den totale andelen tapte årsverk ikkje er høgare, trass den høge andelen tapte årsverk i dei eldste aldersklassane.

I 2020 gjekk 491 400 helserelaterte årsverk tapt blant personar født i Noreg, ein auke på 8 600 årsverk frå året før. Rekna i prosent av folkemengda auka tapte helseårsverk blant norskfødde frå 16,9 prosent til 17,2 prosent. Blant innvandrarakar gjekk 109 400 helserelaterte årsverk tapt i 2020, 9 100 fleire årsverk enn i

2019. Denne auken førte til at tapte helseårsverk i 2020 svarte til 14,6 prosent av folkemengda født i utlandet mot 13,7 prosent i 2019. Vi ser at personar født i Noreg taper klart fleire helserelaterte årsverk enn innvandrarakar både i 2019 og i 2020, sjølv om auken var størst for innvandrarakar. Blant norskfødde er det ein langt høgare andel tapte helseårsverk blant personar under 50 år, medan det relativt sett er fleire tapte helseårsverk blant eldre innvandrarakar (figur 4b). Uansett fødeland auka tapte helseårsverk i dei fleste aldersgrupper 62 år og yngre frå 2019 til 2020, medan det var ein liten nedgang blant dei eldste.

Koronapandemien førte til ein sterk auke i arbeidsløysa både blant innvandrarakar og norskfødde. I 2020 gjekk 112 000 årsverk tapt på grunn av arbeidsløysa blant personar født i Noreg, ein auke 62 500 årsverk, eller 126 prosent frå 2019. Blant innvandrarakar auka tapte årsverk på grunn av arbeidsløysa med 83 prosent frå 38 700 årsverk til 70 600 årsverk. Sjølv om auken i tapte årsverk på grunn av arbeidsløysa var sterkast blant norskfødde, er nivået mykje høgare blant innvandrarakar. I 2020 svarer tapte årsverk på grunn av arbeidsløysa til 3,9 prosent av folkemengda født i Noreg og 9,4 prosent av folkemengda født i utlandet. Rekna i prosent av folkemengda taper innvandrarakar

**Figur 4c. Tapte årsverk på grunn arbeidsløyse, i prosent av folkemengda etter alder fødeland, 2019 og 2020**



Kjelde: NAV


langt fleire årsverk grunna arbeidsløyse enn norsk-fødde, dette gjeld i alle aldersgrupper og både i 2019 og 2020 (figur 4c). I koronaåret 2020 gjekk det relativt sett færre årsverk tapt grunna arbeidsløyse blant norskfødde i alle aldersgrupper over 27 år enn det gjorde blant innvandrarak i desse aldersgruppene før koronapandemien, i 2019. Uansett fødeland var auken i 2020 størst for dei under 27 år, medan nivået på tapte årsverk var høgast blant innvandrarak i starten på 30-åra. Innvandrarak blei sterkare råka av arbeidsløyse som følgje av koronakrisa enn norskfødde. Særleg blant personar fødd i Afrika, Asia og Latin-Amerika var det færre som kom raskt tilbake i jobb, og fleire som opplevde langvarig arbeidsløyse samanlikna med personar fødd i Noreg (Furuberg 2021). Truleg ligg mykje av forklaringa i skilnader i yrkesbakgrunn, fleire innvandrarak arbeider i yrke som vart råka av langvarig nedstenging (Gjerde, Myklatun og Sørbø 2021).

#### **Flest tapte helseårsverk blant norskfødde kvinner**

I 2019 gjekk 280 600 helserelaterte årsverk tapt blant kvinner fødd i Noreg. Dette auka med 4 700 årsverk, eller 2 prosent, til 285 200 helserelaterte årsverk i 2020. Blant innvandrarakvinner gjekk

53 200 helserelaterte årsverk tapt i 2019, året etter gjekk 57 500 årsverk tapt, ein auke på 4 400, eller 8 prosent. Norske kvinner taper flerie helserelaterte årsverk enn innvandrarakvinner. Tapte helseårsverk blant norskfødde kvinner utgjorde 20,3 prosent av folkemengda i 2020, mot 16,0 prosent blant innvandrarakvinnene. Forskjellen kan forklarast med at yngre norskfødte kvinner (under 52 år) har ein høgare andel tapte årsverk enn yngre innvandrarakvinner (figur 5a). Prosentdelen tapte helseårsverk er for dei eldste innvandrarakvinnene (over 52 år) høgare enn blant dei norskfødde. Samanhengen mellom dårleg helse og alder er generelt sterkare blant innvandrarak enn blant norskfødde, i følge ein rapport frå Folkehelseinstituttet (Kjøllesdal med fleire 2019). Sjukdomar og dårleg helse aukar med alderen for alle, og innvandrarakane oppleverer dette tidligare i livet enn den øvrige folkemengda. Det synes difor usannsynleg at forskjellen kan forklarast med at unge innvandrarakvinner har betre helse enn unge norskfødde kvinner. For uføretrygd, og også arbeidsavklaringspengar, som er aktuelt for fleirtallet av personar med nedsett arbeidsevne, er det krav om butid i Noreg for å ha rett til stønad. Kort butid kan vera ei forklaring på færre tapte helseårsverk blant yngre innvandrarakvinner. Fleire studiar har

**Figur 5a.** Tapte helseårsverk i prosent av folkemengda, etter alder år og fødeland. Kvinner




Kjelde: NAV

vist at omsorg for barn påverkar yrkesdeltakinga meir negativt for innvandrankvinner enn for majoritetskvinner, men det er store forskjellar mellom ulike innvandrargrupper (Umblis 2020). Unge innvandrankvinner har lågare yrkesdeltaking en norsk-

fødde unge kvinner (SSB 2021), dette gjer at unge innvandrankvinner med dårleg helse i mindre grad enn norskfødde har helserelaterte stønader, noko som i dei fleste tilfelle føreset at ein har arbeid eller ynskjer å komma i arbeid.

**Figur 5b.** Tapte helseårsverk i prosent av folkemengda, etter alder år og fødeland. Menn



Kjelde: NAV

Blant menn født i Noreg gjekk 202 200 helseårsverk tapt i 2019, dette auka med 4 000 årsverk, til 206 200 årsverk i 2020. Også blant menn auka tapte helserelaterte årsverk mest blant innvandrarar. Blant innvandrarar-menn gjekk 47 200 helserelaterte årsverk tapt i 2019, i 2020 gjekk i underkant av 51 800 årsverk tapt, ein auke på 4 700 årsverk, eller 10 prosent. Menn født i Noreg taper litt fleire helserelaterte årsverk enn innvandrar-menn, i 2020 utgjorde tapte årsverk i denne gruppa 14,2 prosent av folkemengda, medan tapte helseårsverk blant innvandrarar-menn tilsvarende utgjorde 13,3 prosent.

Innvandrarar-menn taper lang fleire helseårsverk enn norskfødde menn i dei eldste aldersklassane, medan norskfødde taper flest blant dei yngre (figur 5b). Truleg har dette også for innvandrarar-menn samanheng med butid i Noreg og tilknytning til arbeidslivet. Innvandrararane i Noreg er yngre enn resten av folkemengda. Dette bidrar til at den samla andelen tapte helseårsverk er lågare blant innvandrarar enn blant norskfødde, både blant kvinner og menn.


### Innvandrararane taper mange årsverk til arbeidsløyse

Langt færre årsverk går tapt på grunn av arbeidsløyse samanlikna med helserelaterte årsverk, det gjeld uan-

sett fødeland og uansett år. I 2019 gjekk 21 800 årsverk tapt på grunn av arbeidsløyse blant norskfødde kvinner, dette auka med 28 000 årsverk, eller 129 prosent, til 49 800 tapte årsverk i 2020. Trass i den kraftige auken utgjorde tapte årsverk på grunn av arbeidsløyse blant norskfødde kvinner berre 3,6 prosent av folkemengda i 2020. Blant innvandrarar-kvinner gjekk 19 500 årsverk tapt i 2019, i 2020 hadde dette auka til 33 300 årsverk, ein auke på 13 800 årsverk eller 71 prosent. Tapte årsverk til arbeidsløyse utgjorde i 2020 heile 9,3 prosent av folkemengda blant innvandrarar-kvinner. Arbeidsløyse fører til langt fleire tapte årsverk blant innvandrarar-kvinner enn blant norskfødde kvinner, i alle aldersgrupper, både i 2019 og i 2020 (figur 6a).


Blant norskfødde menn gjekk 27 700 årsverk tapt på grunn av arbeidsløyse i 2019. Arbeidsløysa som følge av koronapandemien førte til at dette talet var 62 200 årsverk i 2020, ein auke på 34 400 årsverk, eller 124 prosent. Det var også ein kraftig auke i tapte årsverk blant innvandrarar-menn, frå 19 100 årsverk i 2019 til 37 300 i 2020, ein auke på 18 200 årsverk eller 95 prosent. Trass i auken i tapte årsverk på grunn av arbeidsløyse blant norske menn i 2020, så er andelen tapte årsverk i prosent av folkemengda

Figur 6a. Tapte årsverk på grunn av arbeidsløyse, i prosent av folkemengda etter alder, år og fødeland. Kvinner



Kjelde: NAV

**Figur 6b.** Tapte årsverk på grunn av arbeidsløyse, i prosent av folkemengda etter alder, år og fødeland. Menn



Kjelde: NAV

langt høgare blant innvandarmenn. Til saman svare tapte årsverk på grunn av arbeidsløyse til 9,6 prosent blant innvandarmennene mot 4,3 prosent av norskfødde menn. Innvandarmenn taper langt fleire årsverk i alle aldersklassar, både i 2019 og i 2020 (figur 6b.).

## Oppsummering

2020 skil seg ut som året der svært mange årsverk gjekk tapt til arbeidsløyse. Sjølv om det var ein kraftig auke i talet på tapte årsverk til arbeidsløyse blant norskfødde, var innvandrarar hardast råka. Langt dei fleste årsverka som går tapt er likevel helserelaterte, dette gjeld for begge kjønn og uansett fødeland. Koronapandemien førte til ein liten auke i tapte helserelaterte årsverk både blant norskfødde og blant innvandrarar i 2020.


Når vi ser perioden 2005-2020 under eitt, er det små endringar i andelen tapte årsverk i prosent av folkemengda (figur 7). Den store forskjellen er mellom innvandrarar og norskfødde, og den er tilnærma konstant over tid. Norskfødde taper flest helserelaterte årsverk, medan innvandrarar taper flest årsverk til arbeidsløyse.

For personar født i Noreg er utviklinga i tapte årsverk relatert til helse i prosent av folkemengda stabil, men denne andelen har auka i dei yngste aldersklassane, og særleg blant kvinner (Furuberg og Thune 2019). Blant innvandrarar har andelen tapte helserelaterte årsverk i prosent av folkemengda vist ein svakt aukande trend frå 2014. Dette skuldast først og fremst ein auke blant eldre innvandrankvinner.

Tapte årsverk til arbeidsløyse varierer meir over perioden vi studerer. Både blant norskfødde og blant innvandrarar hadde andelen tapte årsverk i denne kategorien ein topp i 2005 for deretter å ha vore relativt stabilt i 10-årsperioden frå 2009, fram til den store auken frå 2019 til 2020.

Kva effekt pandemien vil få på helserelaterte årsverk på litt lengre sikt er vanskelegare å seia. Tapte helseårsverk kan visa seg å ha auka i 2021 og 2022 etter som pandemien har vorte langvarig, og mange har hatt koronasjukesfråvær i denne perioden. Høg arbeidsløyse har tidlegare ført til auke tilstrøyming til helserelaterte ytingar (Lima 2016). Sjølv om mange som vart arbeidslause våren 2020 kom raskt tilbake i arbeid, har det også i 2021 vore mange arbeidslause som følgje av sentrale og regionale smittevernstiltak.

**Figur 7. Tapte årsverk i prosent av folkemengda etter år og fødeland. Helserelaterte årsverk og årsverk tapt på grunn av arbeidsløyse**



Kjelde: NAV

Statistikk frå NAV viser at 44 prosent av alle arbeids-søklarane som var registrert hos NAV ved utgangen av februar 2022 hadde vore samanhengande registrert i eit år eller lengre. Langtidsarbeidsløyse aukar i seg sjølv risikoen for dårleg helse og det å falla permanent ut av arbeidsmarkanden.

Ei langsiktig utvikling i tapte årsverk blant innvandrarakar kan vera vanskeleg å tolka. Innvandrarakar taper fleire årsverk på grunn av arbeidsløyse og færre helserelaterte årsverk enn norskfødde. Vi ser likevel at andelen tapte årsverk på grunn av helse har vore svakt aukande over tid, og andelen er høgare blant eldre innvandrarakar enn blant eldre norskfødde. Det er større variasjon i helse blant innvandrarakar med ulik landbakgrunn enn mellom innvandrarakar som gruppe og norskfødde (Kjøllesdal m.fl. 2019). I 15-års perioden vi ser på har det vore ei sterk nettoinnvandring til Noreg, slik at folkemengda i innvandrargruppa har endra seg. Sidan butid i Noreg er avgjerande for å ha rett til mange ytingar etter Folketrygdloven, vil mange med kort butid ikkje kvalifisera for ytingar som til dømes uføretrygd. På same måte kvalifiserer tidlegare arbeidsinntekt til dagpengar, og rett til dagpengar

gir intensiv for å vera registrert arbeidslaus og dermed komma med i tala over tapte årsverk til arbeidsløyse. Samansetjinga av innvandarfolkemengda i 2020 er ikkje den same som i 2005. Ei sterk innvandring har ikkje berre ført til fleire innvandrarakar i folkemengda men har også endra samansetjinga av innvandarfolkemengda på fleire måtar, som til dømes landbakgrunn, arbeidserfaring, utdanning og helse.

## Referansar

Arbeids- og velferdsdirektoratet (2021). «Utenforskapet fra arbeidslivet svakt ned under pandemien». Tilgjengeleg frå: <https://memu.no/artikler/utenforskapet-fra-arbeidslivet-svakt-ned-under-pandemien/> (Henta 21.02. 2022).

Bjørnstad, Atle Fremming (2019) «Utviklingen i selsesetjing og pensjonering blant seniorer» *Arbeid og velferd*, 2/2019, 43.-55

Dahl, Espen Steinung (2021). «9. Helse.» I: *NAV's omverdensanalyse 2021*. NAV-rapport nr. 1/2021, 73-85. Oslo: Arbeids- og velferdsdirektoratet.

Dahl, Espen Steinung, Jorunn Furuberg, Ingunn Helde, Åshild Male Kalstø, Inger Cathrine Kann, Andreas Myhre, Heidi Nicolaisen, Jon Petter Nossen og Mia Sohlman (2021) «Ett år med korona. Utvikling og utsikter for Navs ytelser og brukere». *Arbeid og velferd*, 1/2021, 1-23.

Dzamarija, Minja Tea, Espen Andersen og Øyvind Kleven (2022) *Eldre innvandrere i Norge* SSB Rapporter 2022/2. Oslo – Kongsvinger SSB.

Furuberg, Jorunn (2021) «Kven vart arbeidslaus i den første bølga av koronakrisa og korleis har det gått med dei?» *Arbeid og Velferd*, 2/2021, 4-19.

Furuberg, Jorunn og Ola Thune (2019) «674 000 tapte årsverk i 2018» *Arbeid og velferd*, 3/2019, 23–40.

Gjerde, Audun, Malin Charlotte Engel Jensen og Johannes Sørbo (2020) «Den store nedstengingen. Arbeidsmarkedet gjennom første del av koronakrisen» *Arbeid og velferd*, 2/2020, 3-24.

Gjerde, Audun, Kristian Myklathun og Johannes Sørbo (2021) «Arbeidslaus i fyrste del av koronakrisa - dei fleste kom raskt i arbeid» *Arbeid og velferd*, 3/2021, 23- 40.

Kalstø, Åshild Male og Inger Cathrine Kann (2018) «Færre på helserelaterte ytelses- friskere befolkning?» *Arbeid og velferd*, 4/2018, 3-18.

Kjøllestad, Marte, Melaine Lindsay Straiton, Carine Øien-Ødegaard, Arild Aambø, Olaf Holmboe, Rune Johansen, Navnit Kaur Grewal og Thor Indseth (2019) «Helse blant innvandrere i Norge» [Health among immigrants in Norway] 2019. Oslo: Folkehelseinstituttet, 2019.

Lima, Ivar Andreas Åsland (2016) «Hvordan har økt ledighet påvirket bruken av helseytelser og økonomisk sosialhjelp?» *Arbeid og velferd*, 3/2016, 131-150.

OECD (2022), *Youth and the labour market - Youth not in employment, education or training (NEET) - OECD Data*. doi: 10.1787/72d1033a-en (Accessed on 07 March 2022)

Pettersen, Malin (2021) «Trenden er brutt – flere unge utenfor i 2020» Tilgjengeleg frå: <https://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/sysselsetting/statistikk/tilknytning-til-arbeid-utdanning-og-velferdsordninger> Oslo Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå

SSB (2021) «Tilknytning til arbeid, utdanning og velferdsordninger» Nettartikkel tilgjengeleg frå: <https://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/sysselsetting/statistikk/tilknytning-til-arbeid-utdanning-og-velferdsordninger> (Henta 21.02.2022)

Stambøl, Lasse Sigbjørn, Tom Kornstad og Terje Skjerpen (2021) *Yrkesdeltakelse og potensialet for økte yrkesprosenter blant personer med innvandrerbakgrunn* SSB Rapporter 2021/28. Oslo – Kongsvinger SSB.

Steinkelner, Alice og Fredrik Berger Gulbrandsen *Laveste økning i bosatte innvandrere siden 2002* Tilgjengeleg frå: <https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/laveste-okning-i-bosatte-innvandrere-siden-2002> (Henta 21.02.2022)

Umblijs, Janis (2020) *Kunnskapsoppsummering om deltakelse i arbeidslivet for kvinner med innvandrerbakgrunn* Rapport 2020:2 Institutt for samfunnsforskning

Vidal-Gil, Eugenia (2017) «Endringer i arbeidsledigheten over tid», *Arbeid og Velferd*, 1/2017, 19 – 36.